

SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Introduser temaet familie ved å sjå på bildet av alle dei ulike familiane og snakk litt saman om familiemangfaldet bildet viser. Det finnst mange fleire typar familiar også.
	I denne timen skal vi lære litt om eit tema mange synest det er litt vanskeleg å snakke om, nemleg døden. For vi menneske lever ofte veldig lenge, men ingen lever for alltid. Så mange barn og unge opplever å miste oldeforeldre eller besteforeldre som blir gamle og dør. Heldigvis er det nesten ingen som mister foreldra sine før dei sjølv er vaksne. No skal vi sjå ein liten film som handlar om kva som skjer når nokon dør: Sjå En liten film til barn om døden - YouTube Etter filmen kan du godt spørje elevane om nokon av dei har vore i gravferd nokon gong? Vil dei fortelje kva som skjedde der? Kva folk hadde på seg og kva ein gjorde på? Hjelp elevane å fokusere på faktiske forhold framfor opplevinga av det som skjedde. Om ingen har vore i gravferd kan du eventuelt spørje om elevane har besøkt gravplassar. Kanskje har dei tent lys på ei grav eller hatt med blomster?
	No er det fint å la elevane bruke ein aktivitet til å bearbeide det dei har lært. Bruk ein bamse og forklar elevane at bamse er lei seg i dag for bamse-oldemor er død og dei skal i gravferd. Elevane kan - Anten teikne at bamse besøker grava til bamseoldemor saman med resten av bamsefamilien sin. - Eller de kan leike saman at det skal vere gravferd i klasserommet og at elevane følger bamse til gravferda. Lag ein liten tale om bamseoldemor? Kva song kan de synge? Skal elevane teikne kvar sin blome og legge denne på «kista»? - De kan finne ut kva som kan vere fint å seie til bamse no når han har mista oldemora si. Vaksne seier ofte «kondolerer», men er det andre ting som kan vere fint å seie eller gjere når nokon har mista nokon?
	Her er ein song om døden, men de kan eventuelt gå vidare til frosketid, eller gjere noko anna i temaet om elevane treng det. Klaus Sonstad - Et sted i det blå - YouTube
	Gjer ei lita frosketidøving Puste i dyrestillinger - YouTube



Alle barn har rett til ein familie!

De kan gjerne jobbe litt generelt med rettigheter som barn har. Som overgang kan du minne om at legen i filmen sa at barn ikkje treng å vere bekymra for at dei sjølve eller foreldre skal dø, men at vi veit at dette er noko mange barn tenker på. Barn kan vere bekymra for kva som skjer med dei sjølve dersom foreldre dør. Det å vite at alle barn har rett til ein familie, og at det som skjer er at vaksne hjelper dei å få ein ny familie å bu hos kan vere nyttig.

De kan gjerne bruke denne digitale plakaten [Barnerettighetene | UNICEF](#) Her kan de trykke på dei ulike rettane og lese på baksida. De kan gjerne også la barna teikne ulike rettigheter som barn har.

Bruk eventuelt vedlegget **Barn har rett til** om å finne ut kva nokre av rettighetene betyr, og opne gjerne lukene som fasit.



Dette er temafilmen om familie. De kan gjerne sjå den i år også og snakke litt om den etterpå.

Sjå filmen [Familie og følelser - YouTube](#) eller bruk lenka som ligg under filmen for å sjå den utan musikk.



Sjå bilde frå filmen og snakk litt om det de såg:

På kva måtar kan familiar vere ulike?



I filmen snakka dei om forskjellige ting som kan skje i ein familie som ikkje er så godt å oppleve. I denne timen har vi lært litt om døden og gravferd. Kva lærte du om det i dag?

Om de vil jobbe meir med temaet døden kan de sjå denne episoden [Bli med heim - NRK TV](#) der guten har ein pappa som er død. Eller denne [Bli med heim - NRK TV](#) om ein liten bror som er død. Eller denne [Bli med heim - NRK TV](#) om ein storebror som skal dø.